



## Årsmelding 2018 Langrennsgruppa

- Styret 2018:
- leiar: Daniel Breivik
  - Kasserar: Magnar Breivik
  - Styremedlem: Hogne Søholt
  - Anleggsansvarleg Bondalseidet: Arild Bjørdal
  - Anleggsansvarleg Mosløypa: Helge Moe
  - Trakkeansvarleg: Jan Olav Bjørdal

### **Sportsleg resultat:**

Det har heller ikkje vore mange sportslege resultat å snakke om i 2018. Kun på birkebeinerrennet og nokre få lokale turrenn finn ein løparar fra Øil på startlista, men det er få som stiller.

### **Aktivitet:**

Vinteren 2018 var svært bra for alle som likar ski. Det kom mykje snø og det var lange perioder med tørt og kaldt vinterver og skisesongen varte til slutten av april. I løypa på Mo var det i perioder litt knapt med snø i januar, men sesongen varte lenge også her. Det er svært mange mosjonistar ialle aldrar som brukar langrennsløypene både på Mo og på Bondalseidet og med den flotte vinteren vi hadde i 2018 var aktiviteten svært stor.

### **Anlegg:**

Det vart rydda ein ny trasse på Mo for å forenkle tilkomsten opp på setrevegen og for å unngå den bratte kneika nedom bommen på setrevegen. Dette ser ut til å vere eit godt alternativ til eksisterande trasse for å unngå anleggstrafikk på nedre del av mosetervegen og fordi ein del folk køyrer og parkerer på parkeringsplass ved bommen spes når det er litt lite snø. Trassen bør grøftast betre i løpet av 2019.

På Mo/daleteigane har det vore lite fellesdugningar i 2018, men løypenettet held seg rimelig bra. Turstiane vert svært mykje brukt og slitasje er rimelig stor så ein vert heller ikkje arbeidsledig i 2019. Løypekøyrarane gjer ein svært bra jobb, og legg ned ein stor dugnadinnsats for å tilby befolkninga fine løyper

På Bondalseidet vart det ikkje gjennomført fellesdugningar i 2018.

### **Økonomi:**

2018 vart (truleg) eit greit økonomisk år for langrennsgruppa, sjølv om rekneskapen for 2018 ikkje er klar på noverande tidspkt. Resultatet kjem på ca 10-12000kr i overskot. Inntektene var ca 80000kr og utgiftene ca 70000kr. Det vart budsjettert med ein del utgifter til påbygging av garasja på Mo i 2018, men dette arbeidet vart ikkje påbegynt. Arbeidet vert starta no i 2019. Kan rekne med at driftsresultatet likevel er negativt pga store avskrivningar på trakkemaskina (ca 30000kr). Den gode skisesongen i 2018 viser også igjen på inntektene, då innbetalingar frå brukarane aukar. Også til Bondalseidet skiturlag auka inntektene kraftig i 2018 og det kom inn ca 40000kr.

For styret i langrennsgruppa

Daniel Breivik